

Bekymringsmelding til barnevernstenesta

Bekymringsmelding for offentlig tilsette og fagpersonar med meldeplikt

Greit å vite før du sender bekymringsmelding

Handlar bekymring om særlig alvorlige forhold?

Viss bekymring handlar om særlig alvorlige forhold, som vold eller seksuelle overgrep, bør du kontakte barnevernstenesta for å drøfte korleis du skal gå fram. Ring barnevernstenesta før du eventuelt informerer barnets føresette om bekymringsmeldinga.

Meldeplikt

Alle offentlig tilsette og ei rekke yrkesutøvere som arbeider i det private, har plikt til å melde frå til barnevernstenesta ved alvorlig bekymring.

Opplysningsplikta gjeld for alle tilsette i alle offentlige instanser og tenester. Det gjeld også dersom du arbeider i ein organisasjon eller privat verksemd som utfører oppgåver for det offentlige. I tillegg har fleire yrkesgrupper tilsvarande plikt. Det gjeld blant anna psykologar, sjukepleierar, tannleger, jordmødre, fysioterapeuter, tilsette ved familievernkontor og meklarar i ekteskapsaker.

Plikta gjeld ved alvorlig bekymring

Opplysningsplikta gjeld først i dei alvorlige tilfella, når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla eller utsatt for andre former for alvorlig omsorgssvikt, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlig åtferdsvanskar.

Personlig ansvar for å melde frå

Opplysningsplikta inneber personlig ansvar for å melde frå til barnevernstenesta i kommunen. Rutiner ved arbeidsplassen kan vise til at det er næraste leiar eller andre som skal meld bekymring. Du har likevel personlig ansvar for at barnevernstenesta får beskjed.

Er du i tvil om bekymringa kjem inn under opplysningsplikta?

Om du er usikker på om du bør sende bekymringsmelding, kan du ringe barnevernstenesta og drøfte anonymt.

Kor bur barnet du er bekymra for

Meldinga sendast til kommunen barnet bur i. Om du ikkje veit kor barnet bur, kan du velge den kommunen barnet var i då du såg eller hørde det som uroa deg.

Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark: 35 05 54 00

Barnevernvakten i Grenland: 90 05 33 04

Alarmtelefon for barn og unge: 116 111

Nødnummer: 112

Politiet: 02800